

Mandat og samansetnad Kompetanseforum Vestland

Mål

Kompetanseforum Vestland skal leggje til rette for at kompetanse skal drive fram utvikling i arbeidslivet, avdekke kva kompetansegap som finns i arbeidslivet og finne løysingar på korleis desse skal fyllast. Partane skal setje framtidens kompetansebehov på dagsorden.

Samarbeid

Deltakarane i Kompetanseforum Vestland skal gjennom eit forpliktande samarbeid medverke til:

- Samordne aktivitetar og arenaer for kompetanseutvikling og karriererettleiing
- Identifisere og bryte ned barrierar for regional samhandling
- Sørge for informasjonsflyt og kunnskapsdeling mellom aktørane

Oppgåver

Kompetanseforum Vestland skal mellom anna:

- Vere overordna styringsgruppe for utarbeiding/revisjon av regionale styringsdokument knytt til kompetansefeltet.
- Avdekke kompetansebehov i regionen gjennom bestilling av statistikk og analysar og innhenting av innspel frå bransjar og regionar
- Sette framtida sine kompetansebehov på dagsorden og teste ut metodar/tiltak for å avdekke desse
- Følgje opp innspel frå dei lokale samarbeidsarenaene, bransjane og utdanningsaktørane og setje i gang prosjekt etter behov
- Stimulere til prosjekt på tvers av bransjar og regionar
- Arbeide for større handlingsrom i den regionale kompetansepolitikken og søkje staten om å opprette pilotprosjekt for å teste ut dette

Ressursar

Vestland fylkeskommune finansierer drifta av Kompetanseforum Vestland som organ. Organisasjonane som deltar i Kompetanseforum Vestland, bidreg elles med ressursar til felles tiltak og satsingar etter nærare avtale.

Samansetnad

Kompetanseforum Vestland har frå 1. januar 2020 slik samansetting:

- Vestland fylkeskommune ved Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling– leiar
- Vestland fylkeskommune ved Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse - leiar
- Universitetet i Bergen ved rektor
- Høgskulen på Vestlandet ved rektor
- Norges Handelshøyskole ved rektor
- Fagskulen ved rektor
- NHO Vestlandet ved regiondirektør
- LO-sekretariatet i Vestland, ved leiar
- Kommunanes Sentralforbund Vestland, ved dagleg leiar
- Helse Vest
- NAV Vestland ved direktør
- Fast møtande frå Vestland fylkeskommune:
Avdeling for Innovasjon og næringsutvikling:

Seksjonsleiar for forskning, kompetanse og internasjonalisering og sekretariatsleiar.
Avdeling for Opplæring og kompetanse:
Seksjonsleiar for kompetanse

Dersom ein av dei faste medlemmene er forhindra frå å møte, kan ein la seg representera ved stadfortredande/assisterande leiar etter avtale med sekretariatet.